

Høyringsinstanser jfr. vedlagd liste

Dykkar ref:                      Vår ref:                      Sakshandsamar:                      Dato:  
2016/2137 - 12273/2018      Reidun Mjør 97077337                      09.04.2018

## Høyringsbrev utviklingsplan Helse Fonna

Som del av iverksettinga av Nasjonal helse- og sjukehusplan, Meld.St 11 (2015-2016), skal alle helseføretak utarbeide utviklingsplanar. Planen skal gje overordna føringar for korleis føretaket skal utvikle verksemda si for å møte framtidige behov for helsetenester. Føremålet er å legge til rette for god og framtidsretta pasientbehandling og god bruk av ressursar for å skape pasienten si helseteneste.

Utviklingsplan for Helse Fonna HF er utarbeida med utgangspunkt i den nasjonale rettleiaren for utviklingsplanarbeidet samt Helse Vest HF sine regionale føringar for kva som skal inngå i planarbeidet. Arbeidet med utviklingsplan har vore orienteringssak i styret i Helse Fonna fleire gonger, seinast i møte 04.04.2018. Endeleg plan skal behandlast i styret i Helse Fonna 21. juni 2018.

Utviklingsplan for Helse Fonna blir med dette sendt på høyring. [Rapporten er å finne på nettsida til Helse Fonna](#)


### Proessen i Helse Fonna

Styret i Helse Fonna vedtok mandat for arbeidet med utviklingsplan i møte 29. september 2017. Arbeidet har vore prosjektorganisert med adm.dir som prosjekteigar. Ved prosjektstart blei det utarbeidd ein kommunikasjonsplan, og det har i prosessen blitt lagt vekt på å involvere både interne og eksterne interessantar. Representantar for pasientar, kommunar, fagmiljø, tillitsvalde, verneombod samt føretaksleinga har delteke i arbeidet gjennom prosjektgruppe, styringsgruppe og dialogmøter.

### Høyringsfrist

Dette er ei elektronisk høyring og innspel må sendast til: [hoyring@helse-fonna.no](mailto:hoyring@helse-fonna.no) innan 18. mai 2018. Høyringsinnspel vil fortløpande bli publiserte på Helse Fonna sine nettsider.

Venleg helsing



Olav Klausen  
adm.dir Helse Fonna HF

**Høyringsinstansar:**

Brukarutvalet i Helse Fonna  
Ungdomsrådet i Helse Fonna

Kommunane i Helse Fonna

Hordaland fylkeskommune  
Rogaland fylkeskommune

Helse Bergen HF  
Helse Stavanger HF  
Helse Førde HF

Helse Vest IKT AS  
Sjukehusapoteka Vest HF